



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Hovudutval for næring og kultur

**Møtedato:** 19.03.2019

---

**Sak nr.:** 19/1670-3

**Internt l.nr.:** 13739/19

**Sak:** 20/19

**Tittel:** **Stortingsmelding 8 (2018-2019) Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida. Innspel til Familie- og kulturkomitèen i Stortinget**

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

**Hovudutvalet rår fylkesutvalet til å gjere slikt vedtak:**

1. Sogn og Fjordane fylkeskommune sluttar seg til formuleringane for dei nasjonale kulturpolitiske måla som er skissert i St.meld 8 (2018-2019) *Kulturens Kraft. Kulturpolitikk for framtida*.
2. Slik Sogn og Fjordane fylkeskommune les kulturmeldinga, vert det frå Regjeringa si side i svært liten grad lagt opp til overføring av oppgåver frå staten til fylkeskommunane på kulturfeltet gjennom denne meldinga. Sogn og Fjordane fylkeskommune ber difor om at Stortinget sin Familie- og kulturkomitè, i si handsaming av meldinga, følgjer opp «Hagenutvalet» sine forslag om overføring av nye oppgåver til fylkeskommunane.
3. Sogn og Fjordane fylkeskommune utfordrar komitèen til å vere dristige og nytenkjande, og til å sjå moglegheitene som ligg i demokratisering og maktspreiing, og å ta i bruk kunst- og kulturfagleg kompetanse i heile landet på ein ny måte. Fylkeskommunane har god kompetanse, og er klar til å ta over nye oppgåver.
4. Prinsippet om at budsjettmidlane følgjer ansvar og oppgåver må ligge til grunn for oppgaveoverføringa.
5. Sogn og Fjordane fylkeskommune forventar at staten inngår eit forpliktande samarbeid med fylkeskommunane; gjerne via KS, for snarleg overføring av oppgåver på kulturfeltet til fylkeskommunane. Samarbeidet må utviklast til ein tett og systematisert dialog for å utvikle den nasjonale kulturpolitikken.

\*\*\*\*\*

Hovudutvalet vedtok å sende følgjande resolusjon/pressemelding til Stortinget sin Familie- og kulturkomitè og aktuelle medium:

Fleire kulturoppgåver til fylkeskommunane

Det meiner hovudutval for næring og kultur (HNK) i Sogn og Fjordane. Dette kom fram då utvalet 19. mars drøfta Kulturmeldinga som kom i november 2018.

Meldinga er for lite konkret på oppgåver som kan overførast til fylkeskommunane. Saka skal vidare til fylkesutvalet som gir endeleg uttale på vegner av fylkeskommunen. Utvalsleiar Karen Marie Hjelmeseiter seier at HNK rår fylkesutvalet til å be Stortinget sin Familie- og kulturkomitè om at dei er tydelege på overføring av oppgåver til fylkeskommunane. HNK viser til at det såkalla «Hagenutvalet» (Ekspertutvalet) i 2018 kom med ei rekkje konkrete forslag om oppgåver som kan førast over til fylkeskommunane.

Stortinget skal drøfte og gjere vedtak om Kulturmeldinga i mai, og hovudutvalet er utålmodige. Dei ber fylkesutvalet vere tydelege overfor Stortinget på at det no er tid for å vere dristige og nytenkjande. Stortinget må sjå moglegheitene som ligg i demokratisering og maktspreiing, noko som også ligg i botnen for regionreforma. Dei må vise vilje til å ta i bruk kunst- og kulturfagleg kompetanse i heile landet på ein ny måte. Fylkeskommunane har god kompetanse, og er klar til å ta over nye oppgåver.

Hovudutvalet forventar at staten inngår eit forpliktande samarbeid med fylkeskommunane; gjerne via KS, for snarleg overføring av oppgåver på kulturfeltet til fylkeskommunane. Heile hovudutvalet var samstemte om nye kulturoppgåver til fylkeskommunane, og utvalsleiar Hjelmeseiter tek det som gitt at også fylkesutvalet ønskjer dette. Hovudutvalet peika på at samarbeidet mellom staten og fylkeskommunane må utviklast til ein tett og systematisert dialog for å utvikle den nasjonale kulturpolitikken. Fylkesutvalet vil drøfta saka på sitt møte 8.april.